

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VARDEN

Nr. 4

Jula 2020

52 . årgang



«Nå vandrer fra hver en verdens krok  
i ånden frem, i ånden frem  
et uoverskuelig pilgrimstog  
mot Betlehem, mot Betlehem.»

*Gledeleg julehelg!*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er623@kirken.no



**KYRKJETENAR**  
Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Anders Grønbrekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og  
Wenche Hillestad Møller

**Ekspedisjon:**  
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

**Bladpengar:**  
Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla

## Bibelordet:



*I opphavet var Ordet,  
Ordet var hos Gud,  
og Ordet var Gud.*

---

*Og Ordet vart menneske  
og tok bustad mellom oss.  
Og vi såg hans herlegdom,  
ein herlegdom som den einborne Sonen har frå  
Far sin full av nåde og sanning.*

*Johannes evangeliet kap.1, vers 1 og 14*



## Gledeleg jul og godt nytt år!

Helsing  
Kyrkja i Etnedal

Bruflat sokneråd      Nord-Etnedal sokneråd  
v/ Kjell Jørgen Fjeld      v/ Steinar Stenseth

Kyrkjeleg fellesråd  
v/ Anders Grønbrekk

Marie Bjørnødegård      Marit Slettum  
Kyrkjeverje      Sokneprest

## JUL VALDRES

Bestill Jul i Valdres  
anten på melding til  
Etnedal Fridom Ung-  
domslag på facebook,  
eller pr. telefon  
99403178.

Me leverer, eller avta-  
ler overrekking.  
Pris kr. 100

Fridom



## Juleaftan, 24. desember – gudstenester

Nord-Etnedal kyrkje,      kl. 13.30  
Bruflat kyrkje,      kl. 15.30

Innanfor gjeldande smittevernreglar planlegg vi  
gudstenester juleaftan.

Med ein meters mellomrom, på annakvar benk,  
er det plass til femti i kyrkjene våre.

### Påmelding

Vi tek difor imot PÅMELDING. Dei fyrste femti  
som melder seg på frå 14. – 17. desember får  
plass. Det er ikkje slik vi ynskjer å ha det, dørene  
i kyrkja skulle ha vore vidopne, men vi må  
tenke sikkerheit og helse.

### Det er ei påmeldingsadr. :

laila.sveen@etnedal.kommune.no

Har du ikkje mail, kan du ringe eller sende SMS  
til 913 93 314, Marit prest. Vi kjem til å sam-  
ordne tidspunkta for påmelding, slik at det blir  
heilt rettferdig.

Skriv om det gjeld Nord-Etnedal - eller  
Bruflat kyrkje, namn. pluss telefonnr. Då har vi  
registreringslista klar til avkryssing når de kjem.

I Bruflat vil vi strøyme gudstenesta, slik at dei  
som vil, kan fylgje med på Face-book profilen  
vår, Kyrkja i Etnedal.

Forsidefoto: Marit Slettum

## Juleandakt jula 2020



Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneskebarn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjerteslag? Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den vesle gir retning, for ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er prega av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også redsle og angst for dagen i dag, og for morgondagen. Alle lurar vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande har det vore for dei som har vore på sjukehus og ulike helseinstitusjonar, og deira nærstående. Det å ikkje kunne gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemd og sorg.

Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er. Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad er at livet er sårbart.

Eg tenkte på dette då det var kyrkjubileum i Tingelstad gamle kyrkje, St Petri no i sommar. Der er det ein kopi av det gamle altarfrontalet, med Himmeldronninga. Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryk si mor varsamt på kinnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og kjærleik.

Frå Maria på altarfrontalet i St Petri, dirrer sungen om tru, mot og klårleik på Guds vilje om rett og rettferd.

Når alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medansvar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

Å følgje etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye og ukjende landskap, ut fra evangeliets grensesprengande kraft til å åpne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud veit kva det er å være liten, at Gud også veit kva oppgjer med øydeleggande krefter er.

Saman med menneske over heile jorda, høyrer vi, og lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell einsemd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets livgjevande og trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys held oss fast, i sanning og håp for livet her, og i alle æve. Saman med folk over heile verda, syng vi difor om fred på jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er gjeve oss.

Velsigna julehøgtid til dykk alle!

Biskop Solveig Fiske




## Jule-spørsmål 2020



1. Kva er kakelinna?
2. Kva korn-slag skulle jule-neka opprinneleg ha?
3. Var ein hest vitne til at Jesus vart født?
4. Kven var landshøvding i Syria då Jesus vart født?
5. Kven starta med advents-kalendrar i Norge?
6. Kven syng om "Vårres jul"?
7. Kva yrke har ho som bur under julestjerna, i følgje Prøysen?
8. Kva gjer Knut på tjuandedagen?
9. Kven laga "The Julekalender"?
10. Kva apostel skreiv juleevangeliet i Bibelen?
11. Kvar starta tradisjonen med å baka peparkakehus til jul?
12. Kva er mest brukt som julekveldsmiddag i Norge?
13. Når starta tradisjonen med julebord for bedrifter?
14. Kven starta å strikke julekuler?
15. Når blir jula ringt inn?

- Svar på Kva veit du om jula?
1. Mildver like før jul.
  2. Havre.
  3. Nei – men okse, sau og esel.
  4. Kvintinus.
  5. Norske speidarar på 1940-talet.
  6. Hans Rotmo.
  7. Jordmor.
  8. Han jagar ut jula.
  9. The Travelling Strawberries
  10. Lukas.
  11. Tyskland.
  12. Ribbe (ca 55 %).
  13. På 1960-talet.
  14. Arne & Carlos.
  15. Juleaftan kl 17.00.



## Gå varleg fram mot Betlehem

*Gå varleg fram mot Betlehem.  
Far stilt på fot når fram du kjem.  
Stig inn i dette helga rom.  
Kom stilt som fyrste gong du kom.*

*Trø varleg fram til krubba, bror.  
Smyg av deg skorne for Guds Ord.  
Stig fram til han med stille steg,  
og vit at Barnet skapte deg.*

*Knel audmjukt ned i halmen, ven.  
Skod inn i sjølve himmelen.  
Sjå fingrane som spente ut  
og skapte himmelen. Sjå Gud.*

*Bøy hovud, ven, og sjå di von.  
Lyft auge, bror, og sjå Guds son.  
Sjå han som bøter våre brot,  
Høyr gledesbod i barnegråt.*

Hans Sagrusten

## Julesalmene

I alle generasjonar sidan Jesu Kristi fødsel har det vore fortalt, skreive og sunge om underet som skjedde i stallen i Betlehem. Ein av dei aller eldste julesalmene vi har i Norsk Salmebok er «Folkefrelsar til oss kom, fødd av møy i armødsdom». Biskop Ambrosius av Milano skreiv teksten i år 397. Den vart omsett til norsk av biskop Bernt Støylen i 1905.

Kvar jul hentar vi fram dei gode, gamle julesalmene og –sangane frå ulike tradisjonar. Og vi har også fått mange nye, fine juletekstar og melodiar dei seinare åra. Eg har lyst til å presentere to av dei nyare salmene.



«I eit skur ved Betlehem» er ikkje eigentleg noko typisk julesalme, men det er ei Jesus-sentrert salme, som startar med den fattigslege fødestaden til Jesus, der han ligg trygt gjømt i Josefs trøye. Alle versa er vitnemål om Jesus, «Guds dyrebare Ord». Guds Ord er det sentrale omgrepet i fyrste kapitlet i Johannesevangeliet, som er apostelen Johannes sitt jule-evangelium.

Ordet vart menneske. Jesus, Guds Son, vart menneske. Han som var, før alt det skapte. «Fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen, slik vi vedkjenner kvar høgtidsdag i den felleskristne nicaenske truedkjenninga.

Dei andre versa i salmen fortel om store viktige hendingar i Jesu liv. Brødunderet, Skjærtorsdag og vegen til krossen. Og til slutt, oppstoda og det nye livet.

Salmen er skriva av John Bell, Graham Maule og blir sunge etter ei irsk folketone.

Hans-Olav Mørk har omsett teksten.

### I et skur ved Betlehem (NoS 104)

*I et skur ved Betlehem,  
gjømt i Josefs store trøye,  
lå Guds dyrebare Ord  
som et nyfødt barn i høyet.  
Og vi ser: Gud er god.  
Han er her når vi synger,  
han gir liv, lek og latter,  
Himmelrikets skulte skatter.  
Og vi ser: Gud er god.*

*Han fikk se et folkehav  
uten håp og uten føde,  
og Guds dyrebare Ord  
mettet alle i det øde.  
Og vi ser: Gud er god.  
Han er her ....*

*Skjult av hagens mørke trær  
sto soldater for å ta ham,  
og Guds dyrebare Ord  
bar det korset verden ga ham.  
Og vi ser Gud er god.*

*Naglet fast til dødens tre,  
under himmelhvelvens torden,  
Ba Guds dyrebare Ord  
for en bøddel og en morder  
Og vi ser: Gud er god.*

*Gjennom hagens klare dugg,  
som i jordens første morgen,  
brøt Guds dyrebare Ord  
ut av tomheten og sorgen.  
Og vi ser: Gud er god  
Han er her når vi synger,  
han gir liv, lek og latter,  
Himmelrikets skulte skatter.  
Og vi ser: Gud er god.*

### I en natt så klar og kald

Bjørn Eidsvåg skreiv denne julesalma på eit hotellrom i Kristiansand i starten på november i 1992. Han var så provosert av å sjå at den kommersielle delen av julefeiringa allereide var i gang. Då han kom inn i resepsjonen på hotellet var juletreet pynta, julemusikk strøymde frå høgtalarane og julebordet var i full gang inne i spisesalen. Der og då følte han inderleg behov for å vere åleine. I boka «Det var midt i jule-natt» har Oddgeir Bruaset skreive om kva som vidare hende. «Det ble en stille og ettertenksom kveld på hotellrommet. Nok en gang var han blitt mint om hva vi har gjort jula til. Men i stedet for å la seg provosere, begynte han også å tenke igjennom sitt eget forhold til julehøytiden. Var han selv blitt revet med i kommersialiseringen, i matorgien og kjøpejaget, akkompagnert av englesang om fryd på jord, eller hadde han greid å holde fast på budskapet, at Gud er kommet til oss ned med bud om frelse og fred?»

Der og då bestemte Bjørn Eidsvåg seg for å lage sin eigen julesang, nokon han hadde tenkt på tidlegare, men aldri gjort.

Han prøvde å leve seg inn i kva som hende den natta Jesus vart fødd, og kva det tyder for menneske i dag.

Før kvelden var over, hadde han laga både tekst og melodi til sangen.

Året etter spelte han den inn på plata Allemannsland, og snart var sangen i bruk over heile landet. I 2013 kom sangen inn i den nye norske salmeboka

Marit prest

### I en natt så klar og kald ( NoS 69)

*I en natt så klar og kald, av en ung og tapper mor,  
I en krybbe, i en stall fødtes håpet til vår jord.  
Så umerkelig og stille, byens gater helt forlatt.  
Ingen opptog for den lille, lyset kom en vinternatt,*

*Gjeterne satt rundt sin grue, skremtes opp av lys og lyd.  
Himlen sto i veldig lue, engler sang om fred med fryd:  
Ikke frykt, vær ikke redde. Gud er kommet til vår jord.  
Nå i natt var det det skjedde. Gå til barnet og hans mor.*

*I det stille, til de små, bringer Jesus håp og fred.  
Og han kommer, da som nå, fra sin himmel til oss ned.  
Julenatt med lys og glede minner oss om Gud som kom.  
Evig er han her til stede. Nå står grav og krybbe tom.*



## Våre venner småfuglane



Ein sann og ekte fuglevenn, er Tone Steinset. Ho har stor kunnskap om dei ulike fugleartane, og kjenner dei att på lydane. Og så gler ho seg over alle, som kjem til matarane, anten det er frittstående brett eller festa til kjøkenvindauge. Ganske ofte må dei fyllast opp att no i vintartida. Her er ho i aksjon med å fylle på solsikkefrø. Foto: Marit Slettum

Av Tone Steinset

Ein morgon midt i oktober sat ho i leddvedbusken, fru grønfinnk. Ho såg på meg gjennom kjøkenvindauget, og spørsmålet hadde ho ytst på nebbet: Kor blir det av vinterforsyningane? Ho var ikkje aleine. Grønfinnk liker seg i flokk saman med sine egne eller andre med liknande fargeprakt i fjøra. Dei har frø som favorittmat, akkurat som dompapen og mange andre i den store finkefamilien.

Eg lova bot og betring, og like etter at matstasjonen var sett i funksjon, kom fru grønfinnk att i fylgje med fleire av slekta og kunne ta for seg av yndlingsmaten, solsikkefrø. Så kom spettemeisen fykande. Denne rare fuglen med så raske rørsler og rare fargar på fjøra er korkje spett eller meis, men ein spurvefugl i spettemeisfamilien og kan klatre nedover ein trestamme

med hovudet fyrst! Han er ekspert på å kaste solsikkefrø til alle kantar og å sette støkk i alle små meiser. Dei er i nærleiken, og dei har venta. Med dei spisse nebb har dei ikkje problem med solsikkefrøa, men dei tek også til takke med meisebollar, sjøl om kvaliteten er litt ymse. Det meste som surrar rundt i det vesle hovudet no er mat, mat!

Dei smålåtne og tillitsfulle svartmeisane og granmeisane blandar seg lett med dei temperamentsfulle og fargestrålende kjøtmeisane og blåmeisane. Dei to fyrstnemnde er med sine grå, svarte og kvite fargar meir anonyme, men dei er små og søte, og vintersangen deira er stille, men varm og munter i klangen.



Alle har til felles at dei må speide etter fiendar på bakken og i lufta før dei tek til med frukosten. Det er tryggast i buskar og kratt, og mange lagrar frø her for å ha noko å ty til når vinteren kjem. men eg meiner å ha lese at blåmeisen ikkje gjer det. Men han kan å henge opp ned etter ein kvist og plukke i seg frø. Dei er jo små akrobatar utan høgdeskrekk!

Meisane likar og heimelaga mat. Kokosfeitt er dyrt, men saman med små havregryn og solsikkefrø er det sikringskost. 17-18 timar i mørke utan mat leiter på ein liten skrott som berre veg millom seks og ti gram. Feitt gjer energi og større sjanse til å overleve i kalde netter. Brød blir populært dersom ein klemmer inn litt sukker. Men dette likar og skjora og nøtteskrika, og det er dei vel unt. Dei skal jo og overleva vinteren.

Så liten saltmengd som det er i brød tåler småfuglane godt, og dei greier visst sjølve å regulere inntaket.

Kjært barn har mange namn, heiter det. Kjøtmeisa blir kalla tite, tertit, talgokse, talgtit, kjøtspicke. Den tida det var vanleg med slakting på gardane, vart det nok litt til overs til storetaren blant meisene, så alle desse kjælenamna skriv seg derfrå.

I skrivande stund er det midt i november, og ein flaggspett greier å skape liv og røre på foringsautomaten. Denne fargerike fuglen set pris på feitt og dinglar i nøtteposen. Elles lever den godt på konglefrø om vinteren.

Dei små, overbygde fuglebretta i plast som kan fes-

Ole Knut Steinset. Svartmeis og toppmeis



Foto: Ole Knut Steinset

tast på vindauga med sugekoppar er ei artig oppfinning. Dei må jo etterfyllast fort, for det er ikkje så mykje plass, men meisene lærer fort å seie frå når det blir tomt. Det er god underhaldning for den som er på innsida!

### Raudstrupa – julefuglen i Storbritannia

Når eg ser bilete av raudstrupa, som er julefuglen i Storbritannia, lyt eg tenkje på alle raudstrupene som mistar livet av di dei vel Italia og Frankrike og dei andre landa nedover i Europa som vinterkvarter. Millionvis av måltrost, bokfink og raudstrupe blir jakta på nedover på kontinentet, og mange blir til eit par munnfullar på dei finaste restaurantane. Ein av dei gruvsame fangstmetodane er å smøre lim på kvistar og greiner, slik at beina blir sitjande fast.

Gråsporv har eg aldri sett her i Fjellsbygda, men ein nær slektning, pilfinken, har eg sett mange av på Bruflat. Båe er stillfarne og trivelege og trivst best i tettbygde strok. Gråsporven har jo eit misvisande namn, for han er slett ikkje berre grå, men har vakre brune, gulbrune, svarte og kvite mønstre over ryggen, og pilfinken er nesten ein tru kopi. Eg synest å hugse frå barndomen då gråsporven var talrik, at den var sær glad i kaker, men det er jo dei andre småfuglane og, så det kan vi vel hugse på i jula og på etterjuls-



Foto:Privat

vinteren at gamle smultringar og kakesmuler er populært.

Gulsporven har blitt ein sjeldan gjest. Alt midt på 1900 - talet vart bestanden kraftig redusert på grunn av at mange åt seg i hel på beisa såkorn. Dessutan har nye måtar å dyrka korn på, gjort at det går mindre korn til spille.

### Vår julefugl Dompapen

Vår mest typiske julefugl, dompapen, har eg berre hatt besøk av ein gong i haust, og det var då vi fekk det fyrste snøfallet i oktober. Han figurerer framleis på julekort, og der er det rikeleg av dei på juleneket! Er ein ute og går ein stille vinterdag, kan ein høyre melankolske, dalande fløyte-tonar. Der sit dei, raude og grå dompapar i toppen av snødryssa tre. Mot ein blå himmel farga gyllen av ei låg sol, er det som ein kjenner att dei gamle, kjære julekorta frå barndomen.

«En fattig Husmand bak Skoven bor, han gir et Neg iaar som i fjor.

Han eier kun tre, dog gir han oss et. For Jesu Skyld, saa gjør han det.»

Mange, mange har skrive vakre og morosame dikt om fuglar. Eg får nøye meg med å nemne ein av dei, sjølvaste Henrik Wergeland. I ”Smaafuglene paa Juleneget” på heile 37 vers, let han småfuglane sjølve fortelje om den fattige, gåvmilde husmannen som blir rikeleg løna, medan futen og skatteoppkrevaren som gjer husmannen heilt fortvila, får svi!

Her tek eg med berre tredje vers:” En fattig Husmand bak Skoven bor, han gir os et Neg iaar som ifjor. Han eier kun tre, dog gir han os et. For Jesu Skyld, saa gjør han det.”

I det tredje verset her vender småfuglane seg direkte til husmannen:” for Jesu Skyld du lot os faa. Vi er óg Guds barn, skjont smaa.”

## Min salme

Min salme er Deilig er Jorden, det er en salme som har stått mitt hjerte nær siden barneskolen. Jeg får frysninger når den blir sunget, om det er til jul eller i begravelser. Det er vel en julesalme, men når jeg har hørt den ved andre anledninger, er den like sterk for meg.

Jeg utfordrer Geir Osvald Storengen til å velge salme i neste Kyrkjevarde.

Med vennlig hilsen  
Tommy Bjørke




### Deilig er jorden

*Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.  
Gjennom de fagre riker på jorden  
går vi til paradiset med sang.*

*Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang;  
aldri forstummer tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang!*

*Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden! Menneske fryd deg.  
Oss er en evig frelser født!*



## Ynskjediktet

Takk for utfordringa, Jarle Lundstein!

Det vi opplever i samfunnet nå krev mykje av mange. Vi har ein situasjon der vi må samarbeide, gå saman om ein felles dugnad og vise solidaritet og ansvar for fellesskapet.

Diktet «Det er den draumen» synest eg på ein god måte set ord på det som mange kanskje har i tankane no om dagen. Ein draum og eit håp om at kvardagen skal bli normal att og at vi saman skal finne ein veg ut av problema.

Sender utfordringa vidare til min gode venn Arnfinn Strande, og er spent på kva slags dikt han vel frå sine favorittar.

Hans Lundstein



### DET ER DEN DRAUMEN

*Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tida skal opna seg  
at dører skal opna seg  
at berget skal opna seg  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgostund skal  
glida inn  
på ein våg me ikkje har  
visst um.*

Olav H. Hauge

## Kor vart det tå dei

Eg hamna på Møre! Mannen min, Arthur møtte eg på Svartisen i 1984, med forlovelse på Jostedalbreen akkurat på dagen eitt år etter, i 1985. Vi vart gift i -89 i kyrkja vår her i Osmarka, fortel Anne Karin Heggem, som opprinneleg er etnedalsjente.

Anne Karin vaks opp som den eldste i syskenflokket på «Kluftigarden» saman med bror Ole Albert og systrene Unni og Else Gunn. Foreldra var Edith og Einar Knutsen.

Interessene til Anne Karin er mange og varierte. Ho ramsar opp hagearbeid, handarbeid, folkedans, slektsforskning og litt foreningsarbeid. Tidlegare har ho vore aktiv både i fotoklubb og steinforening. - Ole Fløgum var nok den som vekte interessa mi for gards- og slekthistorie, då eg fekk ei særoppgave å skrive på grunnskulen, seier Anne Karin.

Dei siste åra har scrappbook vore ein svært kjær aktivitet. For å være med i diverse lag, må ho ta turen til Molde. Der har ho funne både hagelag, husflidslag, folkedans og slekt og data-møter.

Gjennom årenes løp har det vorte ein del skolegang, arbeidstader og boplassar, Anne Karin har køyrt mange små og store flyttelass før ho stoppa opp på Møre der Arthur kjem frå. Fyrste stopp for Anne Karin etter Etnedal vart Gjøvik, der ho jobba som dagmamma, før ho tok eit år på Valdres Folkehøgskole med nyttig lærdom i hustell og handarbeid. Etterpå vart det Oslo med jobb og meir skolegang. Videre gjekk turen til Grimstad, med handelskolefag og endå meir av det på Gjøvik.

På Gjøvik vart det også eit vikariat på Oppland Fylkesbibliotek – før ho flytta til Oslo att. Bibliotekjobben vekte ei stor bokinteresse, fortel ho. I Oslo vart det kontorarbeid på A/S Pals nokre år. Der hadde ho ansvaret blant anna for å trykke reklame. Etter flyttinga til Møre, vart det først tre år på kontor, før ho plussa på utdanninga med eit par år til.

At ho hadde fått med seg opplæringa og praksisen innan barsel og stell av nyfødte, kom vel med då dei fekk trillingar! Diverre vart det berre to som levde opp. Ådne bur i Molde og Runhild i Oslo. Dei er no 29 år gamle. Forøvrig vart dei døypte i Bruflat kyrkje.

Ektemann Arthur var lærer på Eresfjord barne – og



Familien Heggem; Ådne, Runhild, Anne Karin og Arthur.



Anne Karin på Langljøkulen på Island.

ungdomskule. Sjølv har Anne Karin jobba siden 1997 som barne- og ungdomsarbeider i skulen. No er begge to pensjonistar.

Årleg må den utflytta etnedølen sjølvsgatt attende til fødebygda, så det blir gjerne 3-4 etnedalsturar. Men sannelig har ho ikkje farta lenger også. Anne Karin hadde mykje glede av ei USA-reise hausten 2019 gjennom sju statar på 14 dagar, i lag med slekt og Data Norge.

Ho har også fått oppfylt draumar om å kome til mange andre stadar, så som Island, der dei var på fjorten dagars rundreise, og Tyrkja, der dei fulgte i fotsporene etter Paulus.

Ingun Kompen og Marit Slettum



- Minst og best -

#### Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunes facebook-side

## Helsing frå ordførar Linda Mæhlum Robøle



**Kjære alle  
lesere av  
Kyrkjevarden!**

På nyttårsaftnen 2019 skrev jeg følgende nyttårs-hilsen og delte på Facebook: «Måtte 2020 bli et fint år for oss alle!» Lite visste vi da, hva året ville bringe, og at koronaviruset Covid-19 skulle overskygge

ge det meste for hele verdenssamfunnet. Den 12. mars ble landet vårt stengt ned, og de strengeste og mest inngripende tiltakene siden 2. verdenskrig ble innført i Norge for å få bukt med viruset, og hindre smittespredning. Sommeren gav oss et lite pustrom, før vi utover høsten i tråd med prognosene igjen har sett en stor vekst i smitten.

I skrivende stund kan jeg konstatere at vi har vært svært heldige i Etnedal. Jeg ønsker å rette en stor takk til alle som samvittighetsfullt har fulgt smittevernsreglene i denne tiden – store og små – både innbyggere og deltidsinnbyggere, tilreisende og besøkende. Til alle som har vist omsorg og hjulpet sine sambygdingar på alle vis. Jeg ønsker også å rette en stor takk til alle ansatte i Etnedal kommune, i barnehage, skole, legetjeneste, hjemmesykepleie og på Etnedalsheimen. Til renholdspersonell, vaktmestere og andre som har stått i førstelinjen mot koronaviruset. Til alle som har gjort det beste ut av situasjonen. Alle som har jobbet og stått på for å skape trygghet, og opprettholde en så normal hverdag som overhodet mulig, til tross for den spesielle og alvorlige situasjonen.

Koronapandemien er en prøvelse for oss alle.

Pandemien setter store begrensninger som vi ikke engang har vært i nærheten av å tenke på tidligere. De nødvendige tiltakene begrenser vår frihet. De aller fleste mennesker finner stor glede i sosialt samvær og nærhet. I denne tiden har vi måttet være sosialt distansert, vi har måttet holde fysisk avstand, og vi har avlyst og utsatt fest og feiring. Vi savner omgang med venner og familie, og vi begynner vel alle å bli lei hele situasjonen. Verden har opplevd mange pandemier før; tuberkulose, Spanskesyken, Asiasyken, AIDS, SARS, svineinfluensa og ebola. Jeg kan ikke komme bort fra å tenke på alle de som har gått foran oss, og kommet gjennom vanskelighetene. Det skal vi også – sammen. Vi har aldri før hatt så gode forutsetninger for å klare oss gjennom pandemi og kriser som nå. Likevel er det store omkostninger for den enkelte – alt man må forsake. Vi gleder oss alle til den dagen vi er tilbake i en normalisert tilstand, og vi igjen kan gi hverandre en god klem.

Like sikkert som at pandemien en dag er over, er det at julen står for døren. Det blir jul også i år, som i alle andre år, selv om også den blir annerledes. For mange kan det bli en sår julefeiring. Mange vil ikke ha mulighet til å reise hjem til jul og besøke de man pleier, flere vil måtte være mer for seg selv. Da er det ekstra viktig å huske at man kan vise omsorg og være nær, selv om man ikke er fysisk nær – det er viktigere enn noen gang. Jeg oppfordrer alle til å bruke telefonen aktivt, sende meldinger, kort eller gaver til noen du vet vil sette stor pris på det. Ta ekstra godt vare på hverandre i år. Kriser setter ting i perspektiv. Det er ikke haugen med julegaver under treet som er det viktigste, det viktigste er at vi har hverandre.

Jeg ønsker dere alle ei så fin julefeiring som mulig. Måtte 2021 bringe håp og ny optimisme til hele menneskeheten.

Med vennlig hilsen  
Linda Mæhlum Robøle  
Ordfører



- Minst og best -

**Ordfører Linda Mæhlum Robøle besøker næringslivaktører i Etnedal. Turen er kommet til reiselivsbedriften Lenningen Fjellstue og Etnedal byggsenter, Maxbo**

## Reiseliv i koronatid – Lenningen Fjellstue


Jeg tok turen til Lenningen Fjellstue en fin augustkveld, der jeg møtte medeier og driver Syver Thon. Jeg ønsket en prat om hvordan årets sommersesong hadde vært ved fjellstua. Syver kunne fortelle at det har vært tidenes sommer på Lenningen med mye trafikk og god omsetning på fjellstua. Folk har tydelig

for alvor oppdaget den naturskjønne ruta over fjellet mellom Fagernes og Gausdal. Mange har kjørt seg en ren biltur til fjells, men det er også flere som har vandret til fots, ofte mellom DnT-hytter og andre hytter i Langsua nasjonalpark, slik som Liomseter, Svarthamar og Tapptjerdalen. Det er svært forståelig, disse fjellområdene har unike kvaliteter og gir gode muligheter for friluftsliv, fiske og rekreasjon.

Eierne ønsker å engasjere seg enda mer i driften av fjellstua framover. Det er også planer om å utvide tilbudet med blant annet mer overnattingsmuligheter. Lenningen har et stort potensiale for videre utvikling, og det er både prisverdig og nødvendig at næringslivet selv ønsker å satse.



Syver Thon utenfor Lenningen fjellstue



Solnedgang over Lenningen.



## Etnedal Byggsenter AS (bedre kjent som Maxbo'n)

Familien Hestekind har nettopp feiret 100 år med butikkdrift i Etnedal. Det var derfor helt naturlig å legge et bedriftsbesøk til Maxbo Etnedal. I forbindelse med jubileet er det skrevet bok. Tittelen på boka «Med handel i blodet – 100 år med forretningsdrift i Etnedal» er svært treffende, og anbefales på det varmeste. Butikkdriften har utviklet seg stadig gjennom fire generasjoner; fra landhandleri i begynnelsen til samvirkelag, og deretter over til byggevarehandel. Fra 1995 er butikken drevet som franchisevirksomhet innen Maxbo-kjeden. De første driverne var Gunda og Arne, deretter Solveig og Nikolai i hele 47 år, før Arne tok over i 1988. Han drev forretningen i 20 år, før nevøene Erlend Nikolai Berg og Carl Christian Berg overtok i 2008.


De er svært opptatt av lokal verdiskaping, og at de gjennom sin næringsvirksomhet skaper positive ringvirkninger også for andre næringsdrivende i bygda. Spesielt det voksende hyttemarkedet i Etnedal gir store muligheter for mange. Maxbo Etnedal er blant annet medeier i BHF Eiendom AS sammen med andre lokale håndverkere og entreprenører. Firmaet leverer nøkkelferdige hytter, og alt av trelast, maling, jern- og byggevarer til prosjektene leveres selvsagt av Maxbo Etnedal. Brødrene har også startet Valdres Boligbygg AS hvor formålet også er oppføring av boliger i Valdres. Slik går nye generasjoner kjøpmenn i Etnedal i front hva angår samarbeid med andre lokale aktører for å skape aktivitet og lokale arbeidsplasser. Det er et eksempel til etterfølgelse, som vi alle må heie fram og applaudere.



*Erlend Nikolai Berg og Carl Christian Berg  
foran Etnedal byggsenter Maxbo*

Maxbo Etnedal har for tiden sju ansatte, og yter nå som i tidligere tider svært god service til sine kunder. De praktiserer et utpreget tillitsbasert system, og håndverkere og andre som trenger varer får avtale om å kunne hente det de trenger også utenom åpningstid. Denne gjensidige tilliten er helt unik, og har mye å si både for butikken og håndverkene. Mang en hytteeier har også blitt kjent med en kanskje ellers lite brukt praksis, dette med å «få lagt ut varer». Rekker man ikke butikken før stengetid legges varene kort og godt utenfor, og kan hentes når det passer for kunden.

Jeg benytter anledningen til å nok en gang få gratulere familien Hestekind med jubileet, og ønsker lykke til med de neste 100!



### Vintersesongen er her, og BUA Etnedal låner med glede bort gratis utstyr til både liten og stor!!

I BUA Etnedal finner du bl.a:

- \* Langrennsutstyr
- \* Alpinutstyr
- \* Hjelm og briller
- \* Pulk
- \* Truger
- \* Akematter
- \* Kjelker
- \* Snowkick
- \* Spark
- \* Isbor/Pilkestikke
- \* Bålpanne
- \* Sitteunderlag
- \* Tursekker
- \* Soveposer
- \* Liggeunderlag
- \* Lavvo/Telt

#### ÅPNINGSTID:

Tirsdag kl. 14.30 - 17.00  
Fredag kl. 14.30 - 16.00

Har du spørsmål, ta kontakt med Kari på Frivilligsentralen: Tlf: 92 13 24 38 -  
E-post: [post@etnedal.frivilligsentral.no](mailto:post@etnedal.frivilligsentral.no)

**Vi sees i BUA!**

## Legatet Ola E Sveens Minne

Renter av Legatet Ole E Sveens Minne for 2020 skal tildeles ungdom fra Etnedal som tar opplæring i ett av følgende fag:

1. Treskjæring ved Handverksskolen på Hjerleid
2. Opplæring i Helse- og Sosialfag eller Byggfag

Elever med lang utdanningstid vil bli prioritert. Søkere må ha fylt 18 år.

Søknad sendes:

**Legatet Ola E Sveens Minne**  
v/ Eivind Lundmoen  
Lundmoen 68  
2890 Etnedal

e-post: [elundmoe@bbnett.no](mailto:elundmoe@bbnett.no)

**innen 31. desember 2020**





## Er det ein julesang du likar særleg godt? Vi har spurt fire.



### Else Marie Bjørnødegård

«Jeg er så glad hver julekveld». Den julesangen har eg vore glad i sidan eg var liten unge. Vi høyrde den på radio, og på juletreffest. Den tida starta vi ikkje julefeiringa før det var jul. Vesle juleaftan var eg gjerne med far og fann juletre, som vi pynta seint på æftan.



### Serhiy Bykov

Eg kom til Norge like før jul i 2009, og høyrde (og spelte) naturleg nok mange forskjellige julesalmer. På øvingar med Bruflat sangkor eit år seinare lærte eg endå fleire. Ei av salmene syntes eg var spesielt fin, «Velsigna du dag over fjordan.» (nord-norsk julesalme)



### Vegard Storsveen

Dæ må bli «Deilig er jorden». Eg synst dæ æ ein fin julesang. Når eg høre den, då e dæ JUL.



### Oddveig Bergsbakken

Det er mange fine julesangar, men eg er særleg glad i «Jeg er så glad hver julekveld»

Den har vore med meg heile livet, så eg føler at den høyrer med til jula.

Eg hugsar ikkje kor eg lærte den, men eg høyrde den nok frå eg var ganske lita då vi gjekk rundt juletreet heime i Grønbrekk.

### Nord-norsk julesalme

*Velsigna du dag over fjordan,  
velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan,  
om håp og ei utsrakt hand.  
Verg dette lille du gav oss,  
den dagen du fløtta oss hit,  
så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa,  
men hadde så sterk ei tru.  
Og ett har vi visselig sanna:  
Vi e hardhaua vi som Du.  
Nu har vi den hardaste ria,  
vi slit med å kare oss frem  
mot lyset og adventsti'a,  
d'e langt sør til Betlehem.*

*Gud fred over fjellet og åsen,  
la det gro der vi bygge og bor.  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord.  
Du ser oss i mørketids-landet.  
Du signe med evige ord.  
husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.*

*Trygve Hoff*

## Slekters gang



**Bruflat**  
Svein Erik Slåttsveen  
Petter Lie

## Utdeling av 2- og 4-års bøker Nord-Etnedal og Bruflat



Trusopplærer Helena Wright, saman med døtrene Sylvia og Kristina, som fortalde om sauen sin Søtmos. I sommar dresserte dei Søtmos. Den lærte både å snurre, hoppe hinder og stå på to bein. Imponerande.



Endre Nicolaysen Bergsbakken med kyrkjeboka si. Han var einaste 4-åringen i Nord-Etnedal dette året, så han fekk eige privat skattejakt.



Fire 4-åringar i Bruflat kyrkje. Marius Bergene saman med bestefar, Line Bergkvist Evensen, Sondre Hagen, saman med storesyster Emma og Leah Brusveen med kyrkjebøkene sine.



På skattejakt i kyrkja, med stopp ved døypefonten.




Tre nøgde 4-åringar, gode vener, ved altarringen.

## 50 års-konfirmant

30. september vart ein gullkonfirmant feira i Nord-Etnedal kyrkje. Dei var to frå soknet i nord som vart konfirmert av presten Nils Eide i september 1970, Agnes Løvlie og Anne Marie Solbrekken.

Agnes budde på Toten, og døyddde for nokre år sidan. Anne Marie bur framleis i Solbrekken, og fortalde i gudstenesta litt frå konfirmanttida si.



Her er Anne Marie fotografert foran kyrkja.

## PRESTENS HJØRNE

«Nå vandrer fra hver en verdens krok  
i ånden frem, et uoverskuelig pilgrimstog  
mot Betlehem, mot Betlehem.»



Denne julesalma har vi sunge, dei siste tjue åra, på julevandringane våre i Bruflat kyrkje. Sjå forsida, frå julevandringa i fjor.

Dei eldste i barnehagen, og 2. kl., har hatt roller som vismenn og englar, gjetarar og Maria og Josef saman med trufaste frivillige, som har vore med år etter år. Saman har vi «opplevd» reisa til den fattige stallen i Betlehem, der Jesus vart fødd.

Dette året er ikkje berre julevandringane avlyst, men også barnehage- og skulegudstenestene, og dei tradisjonsrike julekonsertane. Ikkje kan vi ta imot alle som ynskjer å kome til kyrkja juleaftan heller. Eg seier det med djupt vemod, for desse samlingane er spesielle hendingar mange av oss ser fram til med glede og forventning kvart år.

Det BLIR gudsteneste juleaftan, sjølv om berre 50 får kome inn. Det kjennest rart å skulle ha påmelding til julegudstenestene, men vi veit alle grunnen. Vi opererer innafør smittevernreglar, som vi har fått frå myndighetene sentralt og lokalt. Det er grunn til å takke for at dei tek utfordringane vi har nett no, på største alvor. Hugs påmelding til kyrkjekontoret mellom 14.-17. desember, om du ynskjer å vere med på gudstenesta juleaftan. Sjå s. 3

Vi vil også «strøyme» gudstenesta i Bruflat kyrkje direkte. Du kan fylgje med på fb.-sida vår «Kyrkja i Etnedal»

Høgtida blir som vanleg ringt inn juleaftan kl. 17.00, og sjølv om feiringa blir litt annleis dette året, kjem jula.

Eg ynskjer å sende ei varm helsing til dykk alle. Nokon har på ymse måtar hatt det særleg krevjande dette året. I nokon heimar står det ein plass tom, medan

andre opplever sjukdom, brutte relasjonar eller anna naudd og smerte. Sorger og gleder og minne av alle slag, blir ofte forsterka i høgtida.

Kva kan vi gjere for å halde lysflamma brennande i ei mørk tid, både i jula og elles?

Eg trur på det enkle og alminnelege. Ei oppmuntrandehelsing på eit lite kort, ei nybakt kake på døra, ein telefon, korleis har du det? Er det noko eg kan hjelpe deg med?

Eg veit av eigen erfaring kor godt det gjer, når nokon ser og spør. Vi treng kvarandre, alle!

Jula handlar om Jesus, LYSET, som vart fødd inn i vår verd for over 2000 år sidan. LYSET skin inn i det djupaste mørke. Om dette lyset skriv Johannes, ein av Jesu nærmaste: «Lyset skin i mørket, og mørket har ikkje overvunne det.»

Mørket, det som måtte vere i oss og rundt oss og i heile vårt tilvere her på jorda – får aldri siste ordet. Lysflamma Jesus ber med seg, skal aldri dø.

Lat oss difor feire himmellyset, stjernevegen og BARNET.

*Se, barna går foran, glad i flokk,  
så kvinner og menn, så kvinner og menn.  
Selv skjelvende gamle tar sin stakk:  
Til krybben hen, til krybben hen!*

*For alle har samme hjertetrang  
til julens fred, til julens fred.  
Guds kirke i Norge, ved våg og vang,  
følg med, følg med! Følg med, følg med!*

*Og finner du ham i krybbens hø  
som hyrder så, som hyrder så,  
da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.*

Med hjarteleg ynskje om ei gledeleg julehelg og eit signa, godt nytt år!

Marit prest



## VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



### 13. desember – 3. søndag i advent

Preiketekst: Luk. 3, 7-18

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Adventsgudsteneste ved Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer til trusopplæring i kyrkjelyden

### 20. desember – Inga gudsteneste i Etnedal

### 24. desember – juleaftan (Påmelding, sjå s. 3)

Preiketekst: Luk. 2, 1-14

Kl. 13.30 Nord- Etnedal kyrkje. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Marit Lund deltek.

Kl. 15.30 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Gudstenesta blir strøyma. (Sjå Facebook-profilen til Kyrkja i Etnedal)

### 25. desember – 1. Juledag

Preiketekst: Joh. 1, 1-14

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Evangeliesenteret

### 26. desember – 2. juledag

Preiketekst: Lukas 2, 1 – 14

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Julegudsteneste.

### 31. desember – Nyttårsæftan

Preiketekst: Joh. 14,27

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Nyttårsmesse.

### 10. januar – 2. søndag i Openberringstida

Preiketekst: Mark. 1, 3-11

Kl.16.00 Bruflat kyrkje, Julespel ved konfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 17. januar – 3. søndag i openberringstida

Preiketekst: Joh. 4, 4-26

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 24. januar – 4. søndag i openberringstida

Preiketekst: Joh. 9,1-7. 35b-38

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon

### Søndag 31. januar – Såmannssøndag

Preiketekst: Mark. 4, 26-34

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til Det norske bibelselskap

### Søndag 7. februar – Inga gudsteneste

### Søndag 14. februar – Fastelavnssøndag

Preiketekst: Joh. 12, 20-33

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Takkoffer til Det norske bibelselskap

### Onsdag 17. februar – Oskeonsdag

Preiketekst: Matt. 12, 38-42

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til Misjon uten grenser.

### Søndag 21. februar – 1. søndag i fastetida

Preiketekst: Matt. 16, 21-23

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Skaperverkets dag. Takkoffer til Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen

### Søndag 28. febr. – Inga gudsteneste

### Søndag 7. mars – Inga gudsteneste

### Onsdag 10. mars

Kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje. Temagudsteneste. Skaperverkets dag. Takkoffer til Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen

### Søndag 14. mars – 4. søndag i fastetida

Preiketekst: 2. Kor. 5, 18-21

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til Norea Radio

### Søndag 21. mars – Maria bodskapsdag

Preiketekst: Luk. 1, 46-55

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til org. «Menneskeverd»

### Med atterhald om evt. endringar

Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på facebook-sida Kyrkja i Etnedal.



**Det finnes en urfavn**

*Det finnes en urfavn der ute et sted  
Et hjem for en livssliten vandrer  
Når sinnet er rusket og angstkrefter slår  
Et sted er det hvile å få.*

*Det finnes en urfavn et evighetsrom  
Et stopp for den trette langs veien  
Når dagen er hardhendt og frostrøyken blå  
Et sted er det hvile å få*

*Det finnes en urfavn som tåler vårt liv  
En favn for den håpløses lengsel;  
Når livsveien synes umulig å gå  
Et sted er det hvile å få.*